Ledig vikarstilling som kontormedarbeidar

Me har ledig vikariat i inntil 100 % stilling som kontormedarbeidar i Ullensvang kyrkjelege fellesråd med kontorstad i Odda. Stillinga er ledig frå 1. desember 2026 til 31. desember 2027 og kan verta forlenga ved behov.

I Ullensvang kyrkjelege fellesråd har me 8 sokn og kyrkjer, 8 gravplassar, eit gravkapell og eit krematorium. I fellesrådet har me i tillegg til kontortilsette også kyrkjetenarar, kyrkjegardsarbeidarar, organistar, trusopplærar og diakon. Me har også fleire prestar i staben.

Hovudkontoret vårt ligg i Odda, men me har også kontorfasilitetar i tilknyting til andre sokn rundt i kommunen.

Arbeidsoppgåver:

- Dagleg kontakt med publikum og samarbeid med stab og kyrkjelege organ i resepsjon og via telefon og e-post
- Saksbehandling i samband med kyrkjelege handlingar som dåp, konfirmasjon, giftarmål og gravferd.
- Utføra administrative oppgåver som fakturahandsaming, post og arkiv
- Marknadsføring av kyrkja og hendingar i kyrkja
- Andre daglege oppgåver knytt til økonomi og administrasjon

Kvalifikasjonar:

- Relevant utdanning og arbeidserfaring
- God erfaring med bruk av MS Office og andre digitale saksbehandlingsprogram
- Erfaring frå arbeid med økonomi og administrasjon
- Erfaring med bruk av digitale system og digitale medium

Personlege eigenskapar:

- Evne til å arbeida strukturert, sjølvstendig og i samarbeid med tilsette og frivillige
- Gode kommunikasjonsevner både skriftleg og munnleg

- Det vert lagt vekt på at søkjar er personleg eigna, har evne til fleksibilitet og har gode samarbeidsevner
- Blikk for forbetring og utvikling, og positiv til digital utvikling i arbeidskvardagen
- Søkjar må vera medlem av den norske kyrkja og kunna visa fram godkjent politiattest.

Me tilbyr:

- Medlemskap og pensjon i KLP
- Ulukkes- og gruppelivforsikring
- Bedriftshelseteneste

Søknadsfrist er 15. november. Aktuelle kandidatar kan vert kontakta i søknadsperioden.

Nærare opplysningar får du ved å kontakta kyrkjeverje Oddbjørn Vestbøstad på telefon 53 65 09 07/92 33 29 05 eller på e-post ov884@kyrkja.no